



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 03.04.2018

Sak nr.: 18/55-7
Internt l.nr. 20558/18

Sak: 15/18

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 3. april 2018.**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Status finansiell revisjon – SF revisjon
Revisjonssjef Marianne Vara orienterer om status for finansiell revisjon. Revisjonsmelding og revisorbrev vert levert sekretariatet seinast hhv. innan 15.04.18 og 23.04.18.

Kontrollutvalet tok informasjonen frå Marianne Vara til orientering.
2. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - a. FR Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan utdannings- og yrkesrådgiving i vgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Situasjonen er den same som ved sist statusrapportering. Arbeidet er ikkje heilt i rute og det er risiko for at revisjonsrapport ikkje rekk å vera ferdig til fristen 23.05.18.
 - b. FR Reiseliv
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan reiseliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.
Dette arbeidet er så langt i rute.

Kontrollutvalet tok informasjonen frå Deloitte til orientering.
3. Orientering frå leiar
 - a. Prosessen rundt protokollføring og godkjenning av protokoll
Alle må tilbakemelde på protokollen så kort som muleg og så snart som muleg til sekretariatet.
 - b. Ekstra godtgjersle til leiar
Leiar orienterte om status i saka og at det er fylkestinget som til slutt skal ta avgjerd.
 - c. Styremøte med SEKOM-sekretariat
Det vart orientert om at kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune er invitert til eit dialogmøte med SEKOM og Vest-kontroll. Kontrollutvalet vart samde om at leiar og nestleiar skal møte i dialogmøtet.

Kontrollutvalet tok informasjonen frå leiar i kontrollutvalet til orientering.

4. Orientering frå sekretariatet
 - a. Møte med fylkesmannen 09.03.2018

Sekretariatet orienterte frå møte med fylkesmannen i Sogn og Fjordane 09.03.2018 der tema var koordinering av tilsyn.

Kontrollutvalet tok informasjonen frå sekretariatet til orientering.

5. Husreglar for fellesnemnda
Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.
6. Oversyn over administrative delprosjekt Vestlandet fylkeskommune
Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.
7. Rekneskapsresultat for KU for 2017
Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.
8. Haugaland Bompengeselskap AS
Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.
9. Askøy Bompengeselskap AS
Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.
10. Austevoll Bruselskap AS
Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.
11. Bergen-Os Bompengeselskap AS
Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.